



**Tokke kommune**  
**Plan, næring og teknisk etat**

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG  
TELEMARK  
Postboks 2076  
3103 TØNSBERG

Dykkar ref:  
2021/8549

Vår ref  
2021/2388-13

Saksbeh:  
Per Wraa,

Arkivkode:  
P15

Dato:  
05.11.2021

## Supplerande informasjon - fjerning av molo i Bandak - mudring og dumping

Syner til brev frå dykk datera 22.10.2021, der dykk ber om supplerande opplysningar i samband med fjerning av steinmolo på Dalen i Bandak.


### Reguleringsbestemmelsar:

Området moloen ligg i er regulera til småbåtanlegg. Det vil ikkje bli endra bruk av området i forhold til reguleringsbestemmelsane ved utskifting av molo med betongflyteelement. Moloen er skuld i at vatnet gror til i indre havn, med dei utfordringane dette medfører for båttrafikken. Ei fjerning av moloen vil forhåpentlegvis gjere dette problemet mindre, då ein vil få betre vatngjennomstrøyming.



### Nyttegjering av masser på land:

Massene vil bli nytta til å etablere velteplass/parkeringsplass i Skafsåberget på privat grunn. Avtale med grunneigar er vedlagt. Berekna behov her er 1200 m<sup>3</sup>. Resterande masse vil bli mellomlagra på industriområdet eigd av kommunen, slik at dei kan nyttast som utskiftingsmasse på kommunal veg seinare. Kart over deponeringsplassar under.



Med helsing

Per Wraa  
Skog og utmarksrådgjevar

Vedlegg:  
1 Løyve til dumping av masser

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

## Løye til dumping av masser

Underteikna stadfestar med dette at Tokke kommune kan nytte masse frå moloen ved Dalen brygge til å etablere parkeringsplass ved Fv 450 i Skafsåberget. Området er avmerka på kart under.



Dalen 05.11.2021

*Magnus Bekk Hansen*

Magnus Bekk Hansen